



Borgarundersøkinga

---

Lærdal kommune

# Om undersøkinga




## FORMÅL

Borgarundersøkinga i Lærdal i 2023 kartlegg innbyggjarane sitt inntrykk av kommunen og tilfredsheit på ulike tenesteområde, blant anna kommunale tenester, tilbod og moglegheiter i kommunen, tryggleik og demokrati. I denne rapporten presenterer vi funna frå undersøkinga, og trekkjar fram sentrale faktorar for at innbyggjarane skal oppleve Lærdal kommune som en god plass å bu og leve.



## UTVAL

Undersøkinga er gjennomført blant eit tilfeldig trekt utval som består av 551 innbyggjarar i Lærdal kommune, alle i alderen 18 år og eldre. Resultata er vekta på kjønn og alder, slik at utvalet best mogleg skal spegle fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (også kjent som populasjonen) i Lærdal kommune. Intervjua er gjennomført på respondentens telefon etter invitasjon på SMS. Deltakarane svarte på undersøkinga i perioden frå 15.11 til 29.11.2023.



## PRESENTASJON AV RESULTAT


I undersøkinga har respondentane vurdert ulike område knyta til Lærdal kommune på ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 «Svært misnøgd» til 5 «Svært nøgd». I denne rapporten er svara koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikta med dette er å forenkla tolkinga av resultata, blant anna når ein samanliknar resultata til ulike grupper. *Sjå «Borgarmodellen» for ei forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultata.*



## TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av forskjellar mellom resultata til Lærdal og gjennomsnittet for kommunar med 5.000 eller færre innbyggjarar. Hensikta med denne testen er å undersøke om resultata til ei undergruppe er forskjellig frå motsatsen (alle dei som **ikkje** tilhøyrar same kategori), til dømes om innbyggjarane under 30 år svarar forskjellig frå dei som er eldre enn 30 år, eller om det er signifikant forskjell mellom svara i Lærdal kommune og kommunar av same storleik. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Signifikanstestinga gjerast for kvart spørsmål, og forskjellen som er naudsynt for at noko markerast som signifikant kan variere mellom spørsmåla. I testinga av signifikante skilnadar tas det òg høgde for slingringsmonnen eller feilmarginen på svaret og resultata for like store kommunar har ein breiare feilmargin enn resultatet for heile Noreg, då vi har fleire svar i heile Noreg enn vi har i kommunar av same storleik og dermed mindre feilmargin. Feilmarginen varierer og med kor annleis respondentane har svart. Dersom alle svarer verken eller får vi ein snittskår på 50, med ingen feilmargin, men halvparten svarer 1 og halvparten 5 får vi ein feilmargin på cirka 50. Dette er ein forenkling av testinga for signifikans, men illustrer likevel kvifor ein skilnad på 3 kan dermed være signifikant i eit spørsmål, men ikkje i eit anna. Om ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit seie at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigheter i utvalet. Med mindre anna spesifiserast vil all analyse og presentasjon vere statistisk signifikante forskjellar.


# Feilmarginar ved fordelingar



I ein kvar utvalsundersøking må ein operere med feilmarginar for fordelingar. Storleiken på feilmarginen avhenger av utvalets storleik, og av resultatet i utvalet. Jo meir prosenten som har ein bestemt eigenskap, nærmar seg 50, dvs. jo meir heterogent utvalet er, desto større feilmargin må vi regne med. I denne undersøkinga med eit utval på 551, vil feilmarginane variere frå 2,5 prosentpoeng ved en 10/90-fordeling til 4,2 prosentpoeng ved en 50/50-fordeling. Figuren under viser korleis feilmarginane utviklar seg ved ulike utvalsstorleikar og fordelingar.

Med ein svarprosent på 52 % (551 av 1071 inviterte), er det svært god respons på borgarundersøkinga.

# Borgarmodellen



## HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er **Borgarskåren** og dei to samlemåla **Tenestetilfredsheit og omdømme**.

## INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålsgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane **Kommunale tenester** og **Tilbod og moglegheiter** utdjupar **Samlemål 1: Tenestetilfredsheit**.
- Spørsmåla i indeksane **Tilbod og moglegheiter**, **Tryggleik i kvardagen**, **Demokrati** og **Kommunen som organisasjon** utdjupar **Samlemål 2: omdømme**.

## KONTROLLMÅL

**Tilknyting og tilhøyrse** er eit enkeltstående som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknyting og tilhøyrse til kommunen. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.

## RESULTAT

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Til venstre ser ein korleis ein kan tolke skårane. Merk at dette er ein rettleiande tolking.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultatene (skårane)
80 og over	Framifrå
70–79	God
60–69	Nokså godt
50–59	Middels
40–49	Svak
Under 40	Dårleg

# Oppsummering


# Oppsummering av hovudfunn



Dei 10 beste resultat til kommunen er på

- Drikkevatnet (90)
- Kriminalitet (88)
- Sannsynleg at ein bur i kommunen om 5 år (87)
- Tilrettelegging for natur- og friluftsliv (85)
- Samla tryggleik (82)
- Borgarskåren (82)
- Avløpssystemet (81)
- Renovasjon (81)
- Beredskap i kriser (81)
- Barnehagetilbodet (78)

Og med ein svarprosent på 52 % (551 respondentar) kan ein vere ganske sikker på at innbyggjarane i Lærdal kommune har nytta høvet til å seie sin meining om kommunen.



Det som har størst påverking på korleis ein synes Lærdal er som ein kommune å bu og leve i er kor godt inntrykk ein har av kommunen samla sett og det samansette målet for tilbod og moglegheiter i kommunen.

Jo høgare svar ein har på inntrykket av kommunen totalt og tilbod og dei samla tilbod og moglegheitene, jo meir nøgd er ein med Lærdal som ein kommune å bu og leve i.

Inntrykket av tenester i kommunen og demokratiet har og ein positiv effekt på kor nøgd ein er med Lærdal som ein plass å bu og leve i, men effekten er ikkje like stor.



I samanlikning med like store kommunar gjer Lærdal det betre på 19 spørsmål og dårlegare på 2.

**Dei 10 spørsmåla der det er størst positiv skilnad mellom Lærdal og like store kommunar er:**

- Sjukehusstilbodet (76 mot 57)
- Sannsynet for at ein bur i kommunen om 5 år (87 mot 68)
- Beredskap i kriser (81 mot 63)
- Samla tryggleik (82 mot 65)
- Renovasjon (81 mot 66)
- Anbefale venner/familie å flytte til kommunen (81 mot 66)
- Trygt frå kriminalitet (88 mot 74)
- Kulturtilbodet (68 mot 54)
- Borgarskåren (82 mot 68)
- Tilrettelegging for natur- og friluftsliv (85 mot 72)

**Dei negative skilnadane:**

- Byggesaksbehandling (44 mot 55)
- Gang- og sykkelstiar (46 mot 57)



Lærdal gjer det svært bra i samanlikningane med det nasjonale gjennomsnittet og skårar betre på 22 spørsmål og dårlegare på 8 spørsmål.

**Dei 5 spørsmåla der det er størst skilnad mellom Lærdal og nasjonalt snitt i positiv retning er:**

- Beredskap i kriser (81 mot 64)
  - Kriminalitet (88 mot 72)
  - Samla tryggleik (82 mot 68)
  - Tillit til politikarane (63 mot 49)
  - Avløpssystemet (81 mot 69)
- Dei negative skilnadane:**
- Tilgang på utdanningstilbod (45 mot 68)\*
  - Kollektivtilbodet (36 mot 58)
  - Gang- og sykkelstiar (46 mot 66)
  - Byggesaksbehandling (44 mot 54)
  - Bustadtilbodet (54 mot 63)
  - Sentrumsattraktivitet (50 mot 58)
  - Fastlege- og legevaktordninga (55 mot 62)
  - Kommunens nettside (60 mot 64)

# Kva viser resultatata?

Lærdals resultat i 2023 presenterast med **feit skrift**. Når resultat presenterast som lågare eller høgare er det statistisk signifikant lågare eller høgare. Om resultat er tilsvarande betyr det at det ikkje er signifikante skilnader, sjølv om det kan være en forskjell i skår er den ikkje statistisk signifikant.

## HOVUDRESULTAT

Jamt over er det svært gode resultat for Lærdal i borgarundersøkinga 2023. Den samla kommunevurderinga (**75**) er høgare enn den for like store kommunar (med 5.000 eller færre innbyggjarar) på 64. Den samla kommunevurderinga til Lærdal er òg høgare enn skåren for det nasjonale gjennomsnittet (66). Total tilfredsheit (borgarskåren) er på **82**, også denne høgare enn kva skåren er for både like store kommunar (68) og for Noreg (72). Lærdal får ein skår på **70** for samlemålet tenestetilfredsheit og **77** på omdømme, begge to høgare enn det nasjonale gjennomsnittet på hhv 64 og 66. Skåren på omdømme er òg høgare enn skåren for like store kommunar på 65. Det er ein tydeleg alderseffekt på disse spørsmåla, der dei eldste gir ein høgare skår enn kva dei yngre gjer. Lærdal skårar og høgare enn både like stor kommunar og gjennomsnittet i Noreg på tryggleik (**82**, mot hhv 65 og 68) og kommunen som organisasjon (**67**, mot hhv 58 og 61). Det same gjeld kontrollspørsmåla om ein vil anbefale kommunen som bustad (**74**, mot hhv 60 og 65) og kor sannsynleg det er man bur i kommunen og 5 år (**87**, mot hhv 68 og 75). Til sist har og Lærdølane ein høgare grad av tilknytning til kommunen (**76**) enn kva dei i like stor kommunar (**64**) og i Noreg totalt har (**65**), samt på lokal tilknytning (**73**, mot hhv 62 og 63). Lærdal har fått ein lågare skår enn Noreg totalt på spørsmåla om tilbod og moglegheiter i kommunen og sentrumsattraktivitet, men begge skårane er tilsvarande som for jamstore kommunar.

## KOMMUNALE TENESTER

På dei kommunale tenestene har Lærdal ein snittskår på **65**, tilsvarande som både like store kommunar og det nasjonale gjennomsnittet. Dei kommunale tenestene er ein indeks satt saman av dei forskjellige spørsmåla om kommunale tenester. Lærdal skårar høgare enn jamstore kommunar og Noreg totalt på spørsmåla om renovasjon (**81**, mot hhv 66 og 72), drikkevatnet (**90**, mot hhv 82 og 81) og avløpssystemet (**81**, mot hhv 70 og 69). Lærdal skårar lågare enn jamstore kommunar og Noreg på spørsmåla om gang- og sykkelstiar (**46**, mot hhv 57 og 66) og byggesaksbehandlinga (**44**, mot hhv 55 og 54), men det er mange som har svart at dei ikkje veit kva dei synest om byggesaksbehandlinga, noko som påverkar snittet. Lærdal skårar lågare enn det nasjonale snittet på kommunens nettside (**60**, mot 64) og fastlege- og legevaktordninga (**55**, mot 62), men begge desse skårane er tilsvarande som for like store kommunar. Til sist gjer Lærdal det betre enn jamstore kommunar på vegar (**58**, mot 46), men tilsvarande det nasjonale snittet.

## TILBOD OG MOGLEGHEITER

På tilbod og moglegheiter samla har Lærdal en tilsvarande skår (**62**) som i like store kommunar (55) lågare enn Noreg totalt (65). Lærdal skårar lågare enn det nasjonale snittet på spørsmåla om utdanningstilbod (**45**, mot 68), bustadtilbodet (**54**, mot 63) og kollektivtilbodet (**36**, mot 58), men alle tre skårane er tilsvarande som i like store kommunar. Samanlikna med like store kommunar, gjer Lærdal det betre på kulturtilbodet (**68**, mot 54) og barne- og ungdomstilbodet (**67**, mot 54), begge disse skårane er tilsvarande det nasjonale snittet. På turisttilbodet får Lærdal ein skår på **70**, høgare enn det nasjonale snittet (64), men tilsvarande like kommunar. Lærdal skårar betre enn både like store kommunar og Noreg totalt på tilrettelegging for natur- og friluftsliv (**85**, mot hhv 72 og 77). På spørsmålet om utdanningstilbodet er formuleringa endra noko for Lærdal, slik at samanlikning bør vere noko forsiktig.

## TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Samlet sett har Lærdal en skår på **82** på opplevd tryggleik, en høgare skår enn i kommunar av same storleik (65) samt Noreg totalt (68). Her skårar Lærdal høgare enn jamstore kommunar og Noreg totalt på alle spørsmåla. Lærdal har en skår på **76** for sjukehusstilbodet, mot 57 og 67 for høvesvis like store kommunar og Noreg totalt. Vidare får Lærdal ein skår på **88** for tryggleik frå kriminalitet, mot 74 og 72 i høvesvis jamstore kommunar og Noreg. Til sist får Lærdal ein skår på **81** på beredskap, mot 63 i kommunar av same storleik og 64 i Noreg totalt.

## DEMOKRATI

Lærdals resultat er ganske like dei i like store kommunar, men skil seg frå resultatata til Noreg totalt. Lærdal får ein skår på **57** totalt på demokratiet i kommunen, høgare enn det nasjonale snittet (**47**), men tilsvarande som jamstore kommunar (**54**). Vidare får Lærdal ein skår på **58** på kor stor grad politikarane lyttar til innbyggjarane, mot 47 i Noreg og **63** på tillit til politikarane, mot 49 i Noreg. Begge desse er tilsvarande som like store kommunar og til sist er opplevinga av innflytelse på 48, tilsvarande som både like store kommunar og Noreg.

## KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Alle skårane er på 60-tallet for Lærdal og jamt over er de høgare enn andre kommunar. Samlemålet om kommunen som organisasjon er på **67**, signifikant høgare enn både like store kommunar (58) og Noreg (61). Det same gjeld inntrykket av kommunens klima- og miljøtiltak (**67**, mot hhv 56 og 60) og informasjon til innbyggjarane (**68**, mot 59 og 62). På samfunnsansvar og etikk oppnår Lærdal og ein betre skår enn det nasjonale snittet (**65**, mot 60), og tilsvarande som like store kommunar.

## TILKNYTING OG TILHØYRSLE

Det er ingen tydeleg samanheng mellom kor nøgd man er med Lærdal som en plass å bu og leve og om man er tilflyttar eller har budd i området i meir enn 5 år. Respondentar i alderen 70 og over er i større grad nøgd med kommunen som ein

plass å bu og leve, enn kva dei under 70 er. Det same mønsteret ser vi på spørsmåla om ein bur i kommunen om 5 år, og om ein vil anbefale kommunen som bustad. Dei mellom 18-29 svarer at dei er mindre sannsynleg at dei bur i kommunen om 5 år, enn kva dei på 30 eller over svarer. Dei under 30 gir ein skår på 74, mot totalgjennomsnittet til Lærdal på **87**.

Av dei som er tilflyttarar til Lærdal har 46 svart at det er på grunn av nærleik til familie og vener, 28 % har svart natur- og friluftsliv, 25 % at det er fordi dei er oppvaksen i kommunen, 23 % jobb og 22 % av omsyn til barn. Totalt er det 79 respondentar som er tilflyttarar og har svart på dette spørsmålet.

## ANDRE SPØRSMÅL


På spørsmålet om kva ein meiner skal til for at folk vil bu i Lærdal framover, har nesten halvparten svart ein meir variert jobbmarknad (47 %) og meir variert bustadtilbod (44 %). 23 % har svart meir butikkar, serveringsstader og uteliv og mellom 10-14 % har svart dei andre alternativa – betre helse- og omsorgstenester, fleire arrangement, kultur og fritidstilbod, betre skular og barnehagar og betre kollektivtilbod. 8 % har nytta høvet til å skrive inn noko anna, lagt ved i vedlegget. Det er først og fremst dei mellom 40-49 som svarar at meir variert jobbmarknad er viktig. På same spørsmålet har også ein større andel av dei som har budd i området i meir enn 10 år svart dette, samanlikna med dei som har budd i området i mindre enn 10 år. Av dei som har svart meir variert bustadtilbod er 46 % registrert med postnummer i poststad Lærdal, og 27 % med ein anna poststad (i Lærdal kommune).

På spørsmålet om kva det beste med Lærdal er, har brorparten av respondentane svart at det er naturen og friluftslivet (72 %). 35 % har svart oppvekstvilkåra for born og unge og 20 % har svart gode helse- og omsorgstenester. Dei under 30 har i mindre grad svart at natur- og friluftsliv er det beste, og dei som er tilflyttarar har oftare svart at oppvekstvilkåra er det beste.




# Resultat


# Hovudresultat




# Kommunale tenester




# Tilbod og moglegheiter




# Tryggleik i kvardagen




# Demokrati



# Kommunen som organisasjon




# Oppsummering





# Borgarkrysset

# Borgarkrysset: Lærdal



## OM BORGARKRYSSET

Tenestetilfredsheit og omdømme er mål på to sentrale område som har å gjere med korleis innbyggjarane opplever kommunen dei bur i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.


Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den vertikale aksene viser tenestetilfredsheit, og den horisontale aksene viser omdømme. Skårane visast som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.

Resultatet for Lærdal i 2023 visast med eit blått kryss i midten av figuren. Der den horisontale og vertikale aksene møtast, er skårane til Lærdal på tenestetilfredsheit (70) og omdømme (77).

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredsheit og omdømme. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene

# Borgarkrysset: Kjønn




## OM BORGARKRYSSET

Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Lærdal plasserer seg på borgarkrysset. Det blå krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Lærdal kommune, uavhengig av kjønn.

Kvinner gir Lærdal ein betre skår på både omdømme og tenestetilfredsheit, og trekk opp snittet til Lærdal totalt på begge måla. Menn gir dermed ein lågare skår enn snittet på begge måla. Men både menn og kvinner i Lærdal vurderer kommunen sin høgare på både tenestetilfredsheit og omdømme, samanlikna med like store kommunar, med god margin. For både menn og kvinner er det ganske like resultat på omdømet, men dei store skilnadene er på tenestetilfredsheita, som vist med kor langt i frå kvarandre dei er vertikalt.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene

# Borgarkrysset: Alder



## OM BORGARKRYSSET

Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Lærdal plasserer seg på borgarkrysset. Det blå krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Lærdal kommune, uavhengig av alder.


Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på tenestetilfredsheit og omdømme. Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla.

Dei to eldste aldersgruppene gir ein høgare skår på både omdømmet og tenestetilfredsheita, medan dei som gir den lågaste skåren er dei i aldersgruppa 50-59 år. Aldersgruppa 18-29 er svært lik som 50-59 på omdømmet, men dei er meir tilfreds med tenestene i kommunen. Begge disse gruppene trekk ned gjennomsnittet til kommunen totalt, der dei andre aldersgruppene er sentrert rundt gjennomsnittet.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene

# Påverkingfaktorar

# Kva påverkar borgarskåren?



## Viktige faktorar som bør styrkast:

Inntrykket av tilbod og moglegheiter (indeks)  
Samlemål 2: Omdømme

## Viktige faktorar som bør bevarast:

Kor sannsynleg det er at ein bur i kommunen om 5 år  
Tilknytning til kommunen

## Faktorar som påverkar Borgarskåren

Figuren til venstre viser de faktorane som har størst påverking på **Borgarskåren**. Påveringskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå disse i samanheng med **Borgarskåren**.

Den loddrette aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksen viser kor stor påverking de ulike faktorane har på **Borgarskåren**. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god **Borgarskår**.

Dei **blå** faktorane er indekser, satt saman av alle spørsmåla som handlar om det temaet, medan dei **grøne** er eit enkeltspørsmål og dei **lilla** er tilknytning.


## Kva bør prioriterast?

Høgaste prioritet bør være å styrke faktorar som plasserer seg nede og lengst til høyre i figuren. Faktorar som plasserer seg øvst til høyre, bør bevarast, og styrkast om mogleg. Faktorar som ikkje visast i figuren, er mindre viktige for **Borgarskåren** og kan prioriterast lågare.

Med en påveringskraft på cirka 0,45 har samleinntrykket av omdømmet svært stor påveringskraft på kor stor grad man opplever Lærdal som en god plass å bu og leve på. Det same gjer inntrykket av tilbod og moglegheiter i kommunen med en påveringskraft på nesten 0,4. Samanlikna med de andre faktorane er dette enkeltfaktorane med klart størst påverking.

Gjennomsnittskår	Tolking av resultatata (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevara
70–79	God	Bevara
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svak	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

# Kva påverkar tenestetilfredsheit?



## Viktige faktorar som bør styrkast:

Næringsutvikling  
Fastlege- og legevaktordninga  
Byggesaksbehandling

## Viktige faktorar som bør bevarast:

Drikkevatnet (vassforsyning)  
Tilrettelegging for natur og friluftsliv

## Faktorar som påverkar tenestetilfredsheita

Tenestetilfredsheit er eit samlemål for indeksane:

- **Kommunale tenester**
- **Tilbod og moglegheiter**

Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på **tenestetilfredsheita**. Påverkingskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på **tenestetilfredsheit**.


Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på **tenestetilfredsheita**. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for å kunne oppnå ein god skår på **tenestetilfredsheit**.

## Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høgre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for tenestetilfredsheit og kan difor prioriterast lågare.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultatata (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevara
70–79	God	Bevara
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svak	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

# Kva påverkar omdømmet?



**Viktige faktorar som bør styrkast:**  
 Opplevinga av at det er enkelt å ta kontakt med kommunen  
 Opplevinga av at politikarane lyttar til innbyggjarane

**Viktige faktorar som bør bevarast:**  
 Tilrettelegging for natur og friluftsliv  
 Inntrykket av at det er god beredskap

## Faktorar som påverkar omdømmet

Omdømme er et samlemål for indeksane:

- Tilbod og moglegheiter
- Tryggleik i kvardagen
- Demokrati
- Kommunen som organisasjon

Figuren til venstre viser kva slags enkeltfaktorar frå disse fire indeksane som har størst betydning for **Omdømmet**.

Den loddrette aksene viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksene viser påveringskrafta. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god skår på **Omdømme**


## Kva bør prioriterast?

Høgaste prioritet bør være å styrke faktorar som plasserer seg nede og lengst til høyre i figuren. Faktorar som plasserer seg øvst til høyre, bør bevarast, og styrkast om mogleg. Faktorar som ikkje visast i figuren, er mindre viktige for **Omdømmet** og kan prioriterast lågare. Det er svært mange faktorar som påverkar omdømmet, sjølv om de har forskjellig påveringskraft. Påveringskrafta forutsett at det ikkje skjer store endringar i andre av de nemnde faktorane, da faktorane i figuren må sjåast på som en heilheit. De noverande skårane er lagt til i parentes.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultat (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevara
70–79	God	Bevara
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svak	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast



# Kva påverkar sentrumsattraktiviteten?



## Viktige faktorar som bør styrkast:

Moglegheita til å drive næringsverksemd  
Inntrykket av kollektivtilbodet

## Viktige faktorar som bør bevarast:

Kulturtilbodet  
Turisttilbodet

## Faktorar som påverkar sentrumsattraktiviteten

Figuren til venstre viser de faktorane innan tilbod og moglegheiter som har størst påverking på **Sentrumsattraktiviteten**. Påverkingskrafta finner vi ved å lete etter mønstre i svara på spørsmåla, og sjå disse i samanheng med skåren på **Sentrumsattraktivitet**. Den loddrette aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den vassrette aksen viser kor stor påverking de ulike faktorane har på **Sentrumsattraktiviteten**. Desto lengre til høyre i figuren en faktor plasserer seg, desto viktigare er den med tanke på å oppnå en god **Sentrumsattraktivitet**.

Det er fleire faktorar som har påverkingskraft på sentrumsattraktiviteten, men ikkje alle har like stor påverkingskraft. Ved å betre inntrykket av turisttilbodet vil man få meir effekt enn ved å betre inntrykket av bustadtilbodet til dømes. Likevel må det sjåast som en heilheit, en auking i inntrykket av turisttilbodet vil ikkje ha like stor eller sikker effekt om inntrykket av bustadtilbodet svekkast. Grunnen til at turisttilbodet bør bevarast heller enn styrkast er fordi det skal meir til å auke inntrykket frå 70 og opp, enn det tar for å auke inntrykket frå 36 og opp. Merk at ein skår på 0 vil tilseie at alle har svart svært dårleg, 50 er verken eller og 100 betyr at alle har svart svært bra. Etter utrekning av gjennomsnittet for alle innbyggjarane i undersøkinga har dermed kollektivtilbodet fått ein skår på 36. Det vil seie at alle svar som er verken eller/på den positive sida vil gi ein auking i snittskår. For å auke snittskåren til turisttilbodet må dei ha svart noko eller svært bra og det er dermed vanskelegare å forbetre denne skåren, så fokuset bør vere på å bevare den høge skåren heller enn å styrke.

Gjennomsnittsskår	Tolking av resultatata (skårane)	Anbefalt tiltak
80 og over	Framifrå	Bevara
70–79	God	Bevara
60–69	Nokså godt	Styrkast om mogleg
50–59	Middels	Styrkast
40–49	Svak	Styrkast
Under 40	Dårleg	Styrkast

Sentio Research Norge

Verftsgata 4, 7042 Trondheim  
90 54 88 92  
post@sentio.no